



Sunndal kommune


Årsplan Ålvundeid barnehage

2022–2023

Respekt • Omsorg • Ansvar

Innhald

Innleiing, visjon og hovudmål	3
Barnehagen sitt verdigrunnlag	4
Samarbeid heim-barnehage	4
Barnehagen formål og innhald	5
Ansvar og roller	6
Overgangar	7
Barnehagen sine fagområder	8
Barnehagen som pedagogisk virksomhet	15
Årshjul/kalender –Ålvundeid barnehage	16



Innleiing, visjon og hovudmål

Velkommen til barnehageåret 2022-2023!

Ålvundeid barnehage vil dette året ha 79 barn. Barnehagen er delt i 4 avdelingar, Liahaugen, Vardhaugen, Mohaugen og Mogrenda.

Alle barnehagar skal ha ei årsplan. Den er først og fremst eit arbeidsreiskap for personalet, for å styre verksemda i ei bestemt og uttalt retning. For foreldra kan årsplana være eit høve til å kunne påverke innhaldet i barnehagen.

Årsplana er og grunnlag for kommunen sitt tilsyn med barnehagen og gir informasjon om barnehagen sitt pedagogiske arbeid til foreldra, eigar, barnehagen sine samarbeidspartere og andre interesserte.

Samspelet mellom barn og vaksen er ein viktig faktor for at barn skal trivast og ha det godt i barnehagen. Ålvundeid barnehage skal ha barn som er trygge på at dei i barnehagen har vaksne som er større, sterkare, gode og som tek ansvar (tryggleiksirkelen).

Vi er og med i eit utviklingsarbeid, læringsmiljø, saman med dei andre barnehagane og skolane i kommunen, pluss ein del andre orkide`kommunar. Sjå fokusområde

Den viktigaste samarbeidspartnaren vi har i barnehagen er foreldra jamf. Barnehagelova §1. Eit samarbeid krev engasjement og forplikting frå begge partar om det skal fungere.

Vi ønskjer å vere ein arena for samspel og danning der alle får vere aktiv deltakande i fellesskap med andre, med gode opplevingar og mykje glede og humør.

Vi bruker Visma flyt barnehage appen som kommunikasjonsverktøy.

Visjon for barnehagetjenesten


Til barnets beste

Hovedmål 2022-2023

- Barnehagen skal i samarbeid og forståelse med hjemmet ivareta barnas behov for omsorg og lek, og fremme læring og danning.
- Barnehagen skal anerkjenne barndommens egenverdi.

Årsplana er godkjend i SU 13.09.2022

Randi B Dørrum
styrer



Barnehagen sitt verdigrunnlag

Verdigrunnlaget til barnehagen skal formidlast, praktiserast og opplevast i alle deler av det pedagogiske arbeidet. Barndommen har eigenverdi, og barnehagen skal ha ei heilskapleg tilnærming til barna si utvikling. Samfunnsmandatet til barnehagen er, i samarbeid og forståing med heimen, å vareta barna sitt behov for omsorg og leik og fremje læring og danning som grunnlag for ei allsidig utvikling. Leik, omsorg, læring og danning skal sjåast i samanheng (Rammeplanen).

I barnehagen er dei gjensidige samhandlingsprosessane i leik og læring samt omsynet til kvarandre, føresetnadene for danninga til barnet.

Vaksne som arbeider i Sunndal kommune har fokus på omgrepa ansvar, omsorg og respekt. Vi vil arbeide for at innhaldet i desse orda er gjeldande for dei samhandlingsprosessane barnet er i. Vaksne skal ta ansvar for barna og vise dei omsorg og respekt. Gjennom sjølv å bli møtt med omsorg og respekt har vi tru på at barnet og vil vise respekt for andre, ta ansvar og møte andre igjen med omsorg.

Samarbeid heim-barnehage

Barnehagen skal i samarbeid og forståing med heimen vareta barnas behov for omsorg og leik og fremje læring og danning som grunnlag for allsidig utvikling, jf. barnehagelova § 1. Nemningane «hjemmet» og «foreldrene» omfattar òg andre føresette. Barnehagen skal vareta foreldra sin rett til medverknad og samarbeide nært og i forståing med foreldra, jf. barnehagelova §§ 1 og 4. Samarbeidet mellom heimen og barnehagen skal alltid ha barnets beste som mål. Foreldra og barnehagepersonalet har eit felles ansvar for at barnet skal trivast og utvikle seg

Samarbeidet med heimen skal skje på individnivå og på gruppenivå gjennom foreldrerådet og samarbeidsutvalget (Rammeplanen).


Våre viktigaste samarbeidspartnarar er de som foreldre/føresette. Eit tett og godt samarbeid mellom heim-barnehage har stor betydning for barnet ditt.

På individnivå har vi følgjande tiltak:

- daglig kontakt ved levering og henting
- tilbud om to utviklingsamtalar i året (tettare oppfølging dersom det er behov for det)
- nærgruppemøter (dersom barnet mottar spesialpedagogisk hjelp)

Foreldrerådet, som består av alle foreldrene, skal fremje foreldra sine fellesinteresser og bidra til at samarbeidet mellom barnehagen og foreldregruppa skaper eit godt barnehagemiljø. Foreldrerådet skal bli forelagt saker som er viktige for foreldra sine forhold til barnehagen. Foreldrerådet vel sine representantar til samarbeidsutvalget (Rammeplanen).

Samarbeidsutvalget skal være eit rådgjevande, kontaktskapande og samordnande organ.



Samarbeidsutvalget skal bli forelagt saker som er viktige for innhaldet og verksemda i barnehagen, og for forholdet til foreldra. Samarbeidsutvalget skal fastsette barnehagen sin årsplan. Øvrige viktige saker er for eksempel forslag til budsjett eller driftsendringar (Rammeplanen).

På gruppenivå har vi følgjande tiltak:

- To foreldremøte i året
- Sosiale tiltak på den enkelte avdeling. Dette kan vere gløgg før jul, påskefrukost etc.
- Dugnad
- Møter i FAU og SU
- Foreldra er ansvarleg for å skaffe foreldre som kan vere med på påskefrukosten.
- Foreldra arr.sommaravslutning

Barnehagen formål og innhald

Barnehagen skal møte barna med tillit, respekt og anerkjenne barndommen sin eigenverdi. Arbeidet med omsorg, danning leik, læring, sosial kompetanse, kommunikasjon og språk må ein sjå i samanheng og samla bidra til at barna får allsidig utvikling.


Sjølvkjensla til barna skal støttast, samstundes som dei skal få hjelp til å meistre balansen mellom å ivareta egne behov og det å ta omsyn til andre sine behov.

Barnehagen skal vere medvitne om barna sine ulike former å uttrykke seg på og tilretteleggje for medverking på måtar som er tilpassa alder, erfaringar, individuelle føresetningar og behov. (Rammeplanen)

Fokusområda er:

- Natur teknikk og miljø. Sjå under fagområde
- Det psykososiale barnehagemiljøet. Personalet er saman med dei andre barnehagane og skulane i kommunen med i læringsløype: læringsmiljø.

Mål	Tiltak
1. Vi har nære vaksne med høg relasjonskompetanse.	<ul style="list-style-type: none"> • Følgje læringsløypa sine kompetansehevingstiltak. • Sette fokus på eigenopplevde praksis forteljingar på avdelingsmøta • Anerkjenne kvart barn ved: <ul style="list-style-type: none"> - å nytte namnet - ha augekontakt - sjå bak handlingane og hjelpe barnet med å finne gode strategiar - respektere intimgrensene og ta oss tid til å samtale • Møte familiane med respekt
2. Alle barna opplever seg som ein ressurs i gruppa.	<ul style="list-style-type: none"> • Planlegge og organisere slik at alle kan føle meistring i aktivitetane sine. • Ha fokus på at alle er unik og like mykje verd.



	<ul style="list-style-type: none"> • Ha fokus på samarbeid meir enn konkurranse. • Sjå barnet sine sterke sider, nytte dei og gjere barnet attraktiv for andre. Barna skal få vere den beste versjonen av seg sjølve. <ul style="list-style-type: none"> - Finne dei små tingene som kan få barnet til å skinne. - Aldri nytte namnet til barnet i negative settingar. Eks. Nei.....namnet - Velg aktiviteter som kan inkludere alle og der dei føler meistring. - Framsnakke
3. Vi har rom inne og ute som appellerer til samspel og fellesskap	<ul style="list-style-type: none"> • Vi legg til rette for at barna får fordjupe seg i lek ved å lage «små rom i rommet» • Snakkebenk • Område med plass til mange, der ein kan ha fellesaktiviteter/ samarbeidsoppgaver. • Vi tilfører «nytt» materiell ut frå barna sine interesser og våre observasjonar

Ansvar og roller


Barnehageeier har det overordna ansvaret for at barnehagen blir drive i samsvar med gjeldende lover og regelverk jf. barnehageloven §7. første ledd. Styreren er gitt det daglige ansvaret i barnehagen: pedagogisk, personalmessig og administrativt.

Barnehagen er ein lærande organisasjon der heile personalet skal reflektere rundt faglige og etiske problemstillingar, oppdatere seg og være tydelege rollemodeller.

Den pedagogiske leiarer leier arbeidet med planlegging, gjennomføring, dokumentasjon, vurdering og utvikling av arbeidet i barnehagen. Veiledning av det øvrige personalet ligg også til rollen som pedagogisk leiar (Rammeplan).

Kompetansetiltak ved Ålvundeid barnehage:

- Barnehagen har rutinar for samarbeid med skole, helsestasjon, barnevern og PPT. Eit møte i året der leiarane for hjelpetenestane, barnehagesjef og styrergruppa møtes og arbeider på systemnivå.
- To hjelpetenestemøte pr barnehageår
- Nettverksmøter for utviklingslærar
- Styrar og pedagogisk leiarar har møte 1,5 time kvar 14.dag og leiarsamling ein dag pr barnehageår.
- Personalet med utviklingslærar i spissen følgjer læringsløype Læringsmiljø (2022-2024)
- Fagsamling for fagarbeidarar og assistentar 4 pr år.



- Nytte PPT som rettleiarar i praksiskvardagen vår.
- Hjelpetenestemøte der helsestasjonen, barnevern og PPT er med, 2 pr år.

Overgangar

Når barnet begynner i barnehagen

Barnehagen skal i samarbeid med foreldra legge til rette for at barnet kan få ein trygg og god start i barnehagen. Barnehagen skal tilpasse rutinar, og organisere tid og rom slik at barnet får tid til å bli kjent, etablere relasjonar og knytte seg til personalet og til andre barn. Når barnet begynner i barnehagen, skal personalet sørge for tett oppfølging den første tida, slik at barnet kan oppleve at det høyrer til, og føle at det er trygt å leike, utforske og lære (Rammeplanen).

For å oppnå dette gjennomfører vi følgjande tiltak før oppstart:

- Foreldremøte for nye foreldre med fokus på oppstarten og kva som er viktig for barnet sin trivsel og tilknytning.
- Besøksettermiddag i barnehagen der barnet og foreldre får treffe alle dei tilsette som skal arbeide på avdelinga, bli kjent med lokalet og treffe andre barn og foreldre som skal starte på avdelinga.
- Tilbud om oppstartsamtale i heimen der foreldre kan få formidla kunnskap om eget barn til pedagogen i barnehagen, og der vi kan utveksle informasjon som er vesentleg for å få til ein god oppstart for det enkelte barn.

Tiltak etter oppstart:

- Gradvis tilvenning i tett dialog med foreldrene.
- Primærvaksen som følgjer barnet tett opp den første tida

Overganger innad i barnehagen


Overgangar skjer også innad i barnehagen. Personalet skal sørge for at barn og foreldre får tid og rom til å bli kjent med barna og personalet når dei bytter barnegruppe (Rammeplanen).

Følgjande tiltak blir gjennomført:

- Informasjon til foreldra når barnegruppene og dei tilsette er klare.
- Arrangere besøk på den avdelinga som barnet skal starte på for å lette overgangen ved at barnet blir kjent med lokalitetene og dei tilsette.
- Overføring av informasjon frå avdelinga barnet har gått på til den avdelingen barnet skal flytte til. Om barnet bytter barnehage, har pedagogisk leiar ansvar for å hente inn samtykke og overføre informasjon til ny barnehage.

Overgangen mellom barnehagen og skolen

Barnehagen skal i samarbeid med foreldra og skulen leggje til rette for at barnet kan få ein trygg og god overgang frå barnehage til skule, og eventuelt til skulefritidsordninga. Barnehagen og skulen bør



utveksle kunnskap og informasjon som utgangspunkt for samarbeid om tilbudet til dei eldste barna i barnehagen, overgangen til skulen og skulestarten. Barnehagen må ha samtykke frå foreldra for å dele opplysningar om enkeltbarn med skulen.

I Sunndal kommune utarbeides det hvert år en plan for samarbeid mellom den enkelte barnehage og skolen/skolene barna skal gå på. Denne plana revideres og sendes ut til foreldra til skolestarterne i løpet av haustsemesteret.

Barnehagen sine fagområder

Rammeplana er delt inn i sju fagområder. Fagområda vil sjeldan opptre isolert, vi arbeider tverrfagleg og mest mogleg heilskapleg. Teikn på ei brei oppleving er at opplevinga vekslar mellom stimuli av sansar, kjensler og intellekt.

Satsingsområda og fagområda elles gjeld for alle, uansett på kva slags alderstrinn dei er på. Men det er sjølvsagt ulike måtar å nærme seg for eksempel natur og miljøspørsmål på overfor 1-2 åringar i forhold til 4-5 åringar. Barn gjer erfaringar som er viktig for sjølve opplevinga og for vidare læring og utvikling. Det er naturleg at sanseopplevingar og 1.hands erfaringar hjå dei minste må vektleggast. Emneopplegga bygger vi opp etter eit spiralprinsipp der dei ulike tema blir teke opp fleire gongar men med ny vektlegging og ulike vinklar kvar gong. Slik sikrar vi ein progresjon i arbeidet med dei ulike tema. Nokre opplevingar og tema er og for bestemte aldersgrupper. IKT-verkty vil vere ein naturleg del av arbeidet vårt saman med ungane gjennom året.

Kommunikasjon, språk og tekst

- Alle i barnehagen har ei kvilestund i løpet av dagen og smøremåltid kvar dag. Ein dag i veka er det varm mat.
- Gjere barna nysgjerrig på ulike smak- og sanseopplevingar ikring måltid og matlaging.
- Nytte progresjonsplana innafor kropp, berøring og overgrep.
- Ungane skal frå dei er små bli kjende med, og glad i eigen kropp. Etter kvart som dei blir eldre, skal dei bli så trygge på seg sjølve og eigen kropp, at dei har mot til å seie i frå om noko ikkje er greitt. Vi skal jobbe med dette temaet for å gjere barna trygge på og glad i eigen kropp, samstundes som vi og vil førebyggje vald og seksuelle overgrep.


Alder	Tiltak
1-3 år	<ul style="list-style-type: none">• Vaksne som har kompetanse på dei minste barna sin kroppslige veremåte.• Legge til rette for tumleleik på avdelinga• Legge til rette for motoriske utfordringar, kryping, åling, alle skal føle mestring ut frå sitt nivå.• Legge til rette for at barnet kan prøve å gjere mest mogleg sjølv gjennom dagen, til dømes påkledning og måltid• Turar i skog og mark• Turar der barna går sjølve.• Bli kjende med kjenslene.• Oppleve glede kring måltid.

	<ul style="list-style-type: none"> • Ete matpakka si ute. • Nytte gymsalen til fysisk aktivitet • Bli kjende med kroppen og bli glad i kroppen sin
3-5 år	<ul style="list-style-type: none"> • Positive erfaringar med uteliv i all slags vær • Oppfordre til og legge til rette slik at barna kan kle på og av seg sjølve • Kjenne på meistring ut frå sitt nivå • Nytte gymsal • Koordinasjonsaktivitetar t.d. balleik, balanse • Lage mat på bålpanna i uteveka. • Kor kjem maten ifrå? • Kjensler • Tema kroppen: <ul style="list-style-type: none"> o Utvide ordforrådet o Få kjennskap til dei ulike funksjonane kroppen har. o Fordøyingssystemet. • Ha mot til å seie i frå om det som ikkje er greitt. • La barna få kjennskap til ulike bevegelsesleker (alle mine kyllinger, stiv heks og haien kommer)
Siste året i barnehagen	<ul style="list-style-type: none"> • Turar saman med 1.klasse • Matlaging som ein del av kvardagen, og lage mat på bålet løpet av uteveka. • I løpet av uteveka på høsten/våren så er det planlagt ein dagstur • Gå på litt lengre turar. • Temaplan og samlingar om kroppen


Kropp, rørslle, mat og helse

Alle skal ha fokus på song. Alle avdelingar har månadens song.

- Alle i barnehagen har ei kvilestund i løpet av dagen og smøremåltid kvar dag. Ein dag i veka er det varm mat.
- Gjere barna nysgjerrig på ulike smak- og sanseopplevingar ikring måltid og matlaging.
- Nytte progresjonsplana innafor kropp, berøring og overgrep.
- Ungane skal frå dei er små bli kjende med, og glad i eigen kropp. Etter kvart som dei blir eldre, skal dei bli så trygge på seg sjølve og eigen kropp, at dei har mot til å seie i frå om noko ikkje er greitt. Vi skal jobbe med dette temaet for å gjere barna trygge på og glad i eigen kropp, samstundes som vi og vil førebyggje vald og seksuelle overgrep.



Alder	Tiltak
1-3 år	<ul style="list-style-type: none"> • Vaksne som har kompetanse på dei minste barna sin kroppslige veremåte. • Legge til rette for tumleleik på avdelinga • Legge til rette for motoriske utfordringar, kryping, åling, alle skal føle mestring ut frå sitt nivå. • Legge til rette for at barnet kan prøve å gjere mest mogleg sjølv gjennom dagen, til dømes påkledning og måltid • Turer i skog og mark • Turar der barna går sjølve. • Bli kjende med kjenslene. • Oppleve glede kring måltid. • Ete matpakka si ute. • Nytte gymsalen til fysisk aktivitet • Bli kjende med kroppen og bli glad i kroppen sin
3-5 år	<ul style="list-style-type: none"> • Positive erfaringer med uteliv i all slags vær • Oppfordre til og legge til rette slik at barna kan kle på og av seg sjølve • Kjenne på meistring ut frå sitt nivå • Nytte gymsal • Koordinasjonsaktivitetar t.d. balleik, balanse • Lage mat på bålpanna i uteveka. • Kor kjem maten ifrå? • Kjensler • Tema kroppen: <ul style="list-style-type: none"> o Utvide ordforrådet o Få kjennskap til dei ulike funksjonane kroppen har. o Fordøyingssystemet. • Ha mot til å seie i frå om det som ikkje er greitt. • La barna få kjennskap til ulike bevegelsesleker (alle mine kyllinger, stiv heks og haien kommer)
Siste året i barnehagen	<ul style="list-style-type: none"> • Turar saman med 1.klasse • Matlaging som ein del av kvardagen, og lage mat på bålet løpet av uteveka. • I løpet av uteveka på høsten/våren så er det planlagt ein dagstur • Gå på litt lengre turar. • Temaplan og samlinger om kroppen



Kunst, kultur og kreativitet

Alle skal ha fokus på song. Alle avdelingar har månadens song.

Alder	Tiltak
1-3 år	<ul style="list-style-type: none">• Oppleve glede gjennom song og musikk• Lytting og rørsle til musikk og song.• Fokus på rytme• Dramatisering• Bli kjende med formingsaktivitetar med naturmateriale
3-5 år	<ul style="list-style-type: none">• Ta bilder• Lyd, teikne til lyd og musikk• Lytte til ulike typar musikk og rytmar• Songstund• Dramatisering• Nytte reiskap som saks, lim, ulike maleteknikkar og naturmateriale.• Kunst i galleri Barbara, barnehageutstillinga (4-åringane)• Fellessong/-ar for heile storbarns, som vi øver på gjennom året.• Karneval på våren
Siste året i barnehagen	<ul style="list-style-type: none">• Skape i naturmateriale• Dramatisere og framføre for dei andre i barnehagen• Skape tredimensjonal kunst• Sjå på kunsten til Emil Bråten• Fotograferer, bruk av digitale verktøy• Vere med på FORUT-aksjonen og ha kunstutstilling• Samarbeid med musikkterapeut


Natur, miljø og teknologi

Uteliv er paraplyen for verksemda i Ålvundeid barnehage. Ein stor del av aktivitetane innanfor fagområda og satsingsområde vil gå føre seg ute.

gjennom arbeid med natur, miljø og teknologi skal barnehagen bidra til at barna:

- får gode friluftsopplevingar året rundt
- får kjennskap til naturen og berekraftig utvikling, lære av naturen og utvikle respekt og gryande forståing for korleis dei kan ta vare på naturen
- sorterer søpla
- Nytte planen for IKT.


Alder	Tiltak
1-2 år	<ul style="list-style-type: none">• Følgje livet i og rundt bekken gjennom året.• Faste turmål som Kyrkjeskogen, Leikvoll og nærområda ikring.• Gjere erfaringar med søle, sand og snø.• Eksperimentere med vatn i ulike former, såpebobler, snø, is.



3-5 år	<ul style="list-style-type: none"> • Lære å kle og te seg etter veret, bære sekken sjølve og halde orden på utstyret dei har med seg. • Eksperimentere, ta i bruk utstyrsapakken vi fekk frå Tekna. • Bruke forstørrings glas og studere småkryp og alt anna ein finn i naturen. • 4-5 åringane nyttar Liabu som fast plass, og er der jamleg gjennom året. • 3 åringane skal ha ein utedag oppi Liabu på hausten og ein på våren. • Plukke søppel på tur. Pose skal alltid vere med i tursekken. • Natursti • Nytte IKT der barna kan bli kjende med å nytte pad, PC, easi scope, appar som reiskap.
Siste året i barnehagen	<ul style="list-style-type: none"> • Ansvar for å rydde haust og vår ikring uteområdet i barnehagen • Spikkedag saman med Sigbjørn Børset • Følgje årstidene • Ha eit forsøk i månaden.

Mengd, rom og form

Alder	Tiltak
1-2 år	<ul style="list-style-type: none"> • Nytte puslespel og enkle lottospel • Eventyr m/matematisk innhald • Puttekasser • Motorikkbane • Bli kjende med ulike former og fargar • Konstruksjonsleik
3-5 år	<ul style="list-style-type: none"> • Nytte terningspel • Leike og forme med ulike former og fargar • Mengde og omgrep i matlaging • Erfaringer med ulike mål gjennom leik med vatn • Sortering og klassifisering med t.d. naturmateriale, men og av leiker og utstyr ute og inne i barnehagen • Kjennskap til tala, synleg i kvardagen • Fokus på sortering i ryddetid • Samarbeidsoppgaver innafor tal, rom og form
Siste året i barnehagen	<ul style="list-style-type: none"> • Samarbeidsoppgaver innanfor tal, rom og form • Matlaging ein gong i veka der dei nyttar ulike målereiskap i samband med baking/ matlaging



Etikk, religion og filosofi

Gjennom arbeid med etikk, religion og filosofi skal barnehagen bidra til at barna:

- utviklar interesse og respekt for kvarandre og forstår verdien av likskap og ulikskap.
- får kjennskap til grunnleggjande verdier i kristen og humanistisk arv og tradisjonar og livssyn som er representerte i barnehagen
- marker dagar som til dømes Samenes nasjonaldag, 8.mars, 1.mai, 17. mai og høgtidene.


Alder	Tiltak
1-2 år	<ul style="list-style-type: none">• Vaksne som førebilde når det gjeld å vise omsyn og respekt.• Legge til rette for at barna kan vise omsyn.• Ha jul og påske som tema.
3-5 år	<ul style="list-style-type: none">• Nytte vennebøkene til å ta opp tema innanfor sosial samhandling.• Å vere eit medmenneske, empati og forståing for ulikskap.• Undring over det ein ser og opplever.• Samarbeidsoppgåver• Ha jul og påske som tema• Kyrkjebesøk før jul.• Kyrkjebesøk elles: Utforske kyrkjerommet og historie kring den lokale kyrkja.
Siste året i barnehagen	<ul style="list-style-type: none">• Ha omgrep som venn, respekt, samarbeid og omsyn som tema.• Nytte opplegget snart 1.klassing• Framføre julebodskapen til dei andre i barnehagen

Nærmiljø og samfunn


Gjennom arbeid med nærmiljø og samfunn skal barnehagen bidra til at barna:

- bygger identitet gjennom gode opplevingar, medverknad, og engasjement i lokalsamfunnet
- skaper samhald gjennom felles erfaringar og opplevingar i nærmiljøet.
- har eit nærmiljø som er stolt av barnehagen og ein barnehage som er stolt av nærmiljøet
- Nytte lokale songar, reglar og historier.

Alder	Tiltak
1-2 år	<ul style="list-style-type: none">• Familien vår. Bilde på avdelinga av næraste familie/ evt bok• Kvar bur vi?• Bli kjende med nærmiljøet ikring barnehagen, til dømes kyrkja, elva og dei ulike skogområda.• Plukke søppel
3-5 år	<ul style="list-style-type: none">• Utedag i Liahaugen for 3-åringane ein gong haust og ein gong vår.• Uteveke i Liahaugen for 4-åringane ein gong haust og ein gong vår.



	<ul style="list-style-type: none"> • Dagar i Ålvundfjord • Sjå på lam om våren • 3-åringane besøker tannklinikken om våren • 4-åringane: besøker brannstasjonen våren 23. • 4-åringane: Kunstutstilling i galleri Barbara i mars • Bli kjende med stadnamn. Kvar er stadnamnet til avdelinga? Td. Vardhaugen • Bruke el-syssel for å i større grad utforske nærmiljøet
Siste året i barnehagen	<ul style="list-style-type: none"> • Nytte lokale krefter som Sigbjørn Børset • Uteveke i Liahaugen ein gong haust og ein gong vår. • Heile dagar i Ålvundfjord · Nytte kart for å synleggjere nærmiljøet vårt. • Lengre turar som til dømes Karihaugen, Gjersvollsetra, Skaudalen • Sjå på lam på garden Seljebø



Barnehagen som pedagogisk virksomhet

Planarbeid

Planlegging gir personalet grunnlag for å tenke og handle langsiktig og systematisk i det pedagogiske arbeidet. Planlegging skal bidra til kontinuitet og progresjon for enkeltbarn og barnegruppa (Rammeplanen).

Årsplana til barnehagen bygger på Rammeplana og årsplana til barnehagetenesta. Med utgangspunkt i årsplana lager kvar avdeling ei månadsplan som sendes ut til alle foreldra.

Barnehagen har og ei eigen plan for overgangen barnehage – skole som i haust blir teke opp på foreldremøte til dei som har barn fødd i 2017.

Vurderingsarbeid

Gjennom barnehageåret arbeider heile personalgruppa med ulike tema. I år vil vi ha et ekstra fokus på språk og gruppedynamikk og vaksenrolla i samband med det. Når vi arbeider med desse temaene har vi felles refleksjon i grupper og i plenum. Vi ser ny kunnskap opp mot vår eigen praksis, formålet er å stadig vere i utvikling og forbetre eigen praksis. Å endre praksis er eit arbeid som krev aktiv medverking frå alle over tid.


Arbeidet med årsplan og oppfølging av enkeltbarn og barnegruppa blir jamleg vurdert på avdelingsmøta gjennom året. Vi har ei halvårsvurdering på planleggingsdagen i januar og ein om våren. Kvar månad finn de ei enkel evaluering av månaden som gjekk på månedsplana. Den enkelte pedagogiske leiar har 2 årlege samtalar med styrer der vi har ein gjennomgang av arbeidet i forhold til barnegruppa på den enkelte avdeling. I foreldresamtalane har ein og ei vurdering av arbeidet i forhold til enkeltbarn

Om våren skriv styrar ei årsmelding.

Dokumentasjon

Årsplana, månadsplanane og årsmeldinga er viktig dokumentasjon på det arbeidet som vi gjer i barnehagen. Foreldresamtalar blir dokumentert i form av et referat som barnehage og foreldre skriver under på og foreldra får ein kopi. Denne dokumentasjonen ligg i barnehagen så lenge barnet går i barnehagen. Ved bytting av barnehage leverast dokumentasjonen til den barnehagen barnet flytter til.

I samband med innføring av nytt personvernregulativ (GDPR), kan det bli innført nye rutinar. Arbeid i forhold til barn med særskilte behov dokumenteres i form av IUP, rapporter og referat frå møter. Denne dokumentasjonen ligg i arkivsystemet til kommunen og blir gjeve til skolen etter samtykke frå foreldra, om det er ønskeleg.



Årshjul/kalender –Ålvundeid barnehage

Månad	Aktivitet	Planleggings-/kursdager
August	Foreldremøte avdelingsvis	17.august - kursdag
September	Foreldremøte avdelingsvis	
Oktober	Foreldresamtalar Veke 41 – haustferie for skulen	
November	Foreldregløgg	
Desember	Tysdag 13. desember- vi markerer luciadagen. Veke 50/51 - Vi går i kyrkja. 22.desember - Juleavslutning, alle pyntar seg. Vi koser oss ekstra i barnehagen med julemat og juletrengang	
Januar		2. januar - planleggingsdag
Februar	Veke 7 - Karneval / Sansedag på småbarnsavdelingane Veke 8 - Vinterferie for skulen Februar/mars - foreldremøte	22. januar - kursdag
Mars	Februar/mars - foreldremøte	
April	Påske - påskefrukost	
Mai	April/mai: Dugnad	
Juni	Besteforeldrekaffe (utandørs arrangement). Sommerfest arr. av foreldra	2. juni - planleggingsdag
August 23		14.august - planleggingsdag

Når det er planleggingsdag/kursdag for dei tilsette har barnehagen tilbod om tilsyn i ein av barnehagene. Dette må ein betale ekstra for og ordninga er ikkje omfatta av barnehagelova.

